

Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

VEISANE BARNEHAGE



For vurderingsveka 25.03.08 – 27.03.08

1 – Førord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år.

Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.

2 – Fakta om barnehagen

Veisane Barnehage ligg vakkert til ved inngangen til Elvadalen på Lofthus.

Barnehagen ligg i utkanten av eit boligområde. Rundt barnehagen er det flotte turområde.

Bygget har ei moderne og spennande arkitektonisk utforming som passar godt inn mellom dei høge fjella rundt.

Uteplassen er variert og godt planlagt for leik. Like utanfor tomta er det ballplass som vert skøytebane om vinteren

I nærområdet har foreldra og personalet bygt opp ein naturleikeplass med Lavvu.

Satsingsområdet til barnehagen er naturleg nok ”Uteliv, natur og nærmiljø”.

I tillegg satsar dei på ”Måltid” Dei har nybakt heimelaga grovt brød til måltida.

Barnehagen har rundt 40 plassar. Barnetalet varierer noko. Dei er fordelt på 2 avdelingar i 3 grupper.

Personalet tel 12 personar, av dei 4 pedagogar.

3 – Vurderingstema

Veisane barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:

Prioritering av tilfeldig og systmatisk pedagogisk arbeid. Strukturering av tida vår i høve det pedagogiske arbeidet.

Her kan det skrivast litt meir rundt vurderingsområdet, og lagast litt meir utdjupande

Stikkord: Møtestruktur. Kven deltek? Kva er viktig å bruke tida på? Kor mange

satsningsområder? Samsvarar arbeidet me gjer med måla i årsplanen? Eigenrefleksjon – når skal det gjerast? Drøfting av barnehagen sitt læringssyn.

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.

Kriterier til Veisane barnehage

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen nyttar fast møtestruktur for alle møter i personalet	<ul style="list-style-type: none"> - Innkalling med saksliste - Møte startar og avsluttes til avsett tid - Dei som er med på møtet er førebudd - Det er sett av tid til temamøtar, drøfting og vurdering - Tid til idédugnad og planlegging i mindre grupper - Sakene på sakslista er relevante - Dei som er med på møtet er engasjerte - Dei som er med på møtet er strukturerte - Sakene som vert diskutert blir gjort vedtak på i forhold til ansvarsfordeling og tidfesta - Det vert ført referat frå møta - Dei ansvarlige sørgjar for vedtak og oppfylging
Det vert gjennomført systematisk planlegging, dokumentasjon og vurdering av barnehagens satsingsområde	<ul style="list-style-type: none"> - Personalet veit kva som er forventa av dei - Planlagde oppgåver vert gjennomført - Årsplanen inneheld overkommelege mål for barnehagens satsingsområde - Satsingsområda vert vurdert i samla personalgruppe - Leiinga syter for at tiltak og mål vert fatta - Leiinga syter for at målsetjingane vert følgt opp - Barnehagens fysiske utforming er tema for vurdering - Arbeid i barnegruppene vert systematisk dokumentert - Personalet drøftar trivsel i barnegruppa - Barnets utvikling vert drøfta på avdelingsmøter - Barn som syner avvik får oppfølging og kartlagd - Tilbakemeldingar frå foreldre vert behandla profesjonelt
Det er rom for å diskutera barnehagens læringssyn	<ul style="list-style-type: none"> - Barnehagens læringssyn er diskutert i personalgruppa. Eigen praksis blir tatt opp på avdelingsmøter. - Det vert gitt positiv tilbakemelding i kvar dagen. - Personalet er trygge nok til å ta opp mindre positive hendingar og situasjonar med kvarandre. - Barnehagen nyttar praksisforteljingar
Barna får medvirke i planer	<ul style="list-style-type: none"> - Personalet har kompetanse i barnemedverknad - Barna får delta i planlegging av aktivitetar - Personalet samtalar med barna om kva dei har gjort og korleis dei opplevde det. - Barnehagen gjennomfører barnesamtalar - Personalet er bevist på å dokumentera for barna - Praksisforteljing vert brukt i drøfting og refleksjon - Barnemedverknad fører til endring av praksis, alle barna vera høyrte
Det er god kommunikasjon mellom personal og foreldre/ føresette	<ul style="list-style-type: none"> - Barnehagen har rutinar for å informera foreldre/ føresette om planar. - Foreldre/ føresette får informasjon om kva som skal gjerast. - Foreldre/ føresette får være med å påverke årsplanen. - Foreldre/ føresette opplever at det er samsvar mellom måla i barnehagens planar og praksisen i kvar dagen. - Foreldre/ føresette opplever at tilbakemelding dei gir i form av ros og konstruktiv kritikk vert tatt til etterretning og prøvd tatt med i den vidare praksis

5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Barn, tilsette og foreldre
- Eksterne: Solrunn Wiik Bjorke og Kari Aalvik

Grunngjeving for val av informantar

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølvne vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil 3 til 4 dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TIDSPLAN – Veisane barnehage, Lofthus

Tid	Aktivitet	Ansvar
31. januar	<ul style="list-style-type: none"> - Utdelt ståstadsanalyse og bakgrunnsmateriell frå vurderingsbarnehagen - Arbeid med glansbilde 	Vurderarane
12. februar	<ul style="list-style-type: none"> - Arbeidsmøte: Ferdigstilling av glansbilde, samtaleguider 	Vurderarane
13. februar	<ul style="list-style-type: none"> - Avtala vurderingsveke, veke 13, med styrar i barnehagen 	Solgunn
26. februar	<ul style="list-style-type: none"> - Turid Mykeltun godkjenar glansbiletet 	Turid
28. februar	<ul style="list-style-type: none"> - Barnehagen får glansbiletet; kriteria og teikn på god praksis, samt innkalling til foreldremøte. - Barnehagen får frist på tilbakemeldingar, evt, endringar og tillegg: seinast 10. mars 	Kari
28. februar	<ul style="list-style-type: none"> - Telefonmøte: lagde forslag til Tidsplan 	Vurderarane
7. mars	<ul style="list-style-type: none"> - Telefonmøte: Avtalte utforming av spørjeskjema og intervju/guide 	Vurderarane
4. mars	<ul style="list-style-type: none"> - Glansbiletet i retur til vurderarane med ynskje om justering 	Veisane bhg
10. mars	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide påstandsskjema til; <ul style="list-style-type: none"> ▪ Personalet ▪ Føresette: Dei vert levert i barnehagen tysdag i vurderingsveka 	
24. mars	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomgå observasjonsskjema 	Vurderarane
Vurderingsveke: veke 13		
Tysdag 25.03	<ul style="list-style-type: none"> - Koma i barnehagen, klokka 08.30 presentera oss. - Avtala tid for barneintervju - Delta på møter - Intervju/ samtaleguide, med pedagogiske leiare 2 stk. - Levere ut påstandsskjema til personal - Levere ut påstandsskjema til foreldre - Observasjon fram til klokka 14.00 - Kort rapport til styrar. Avtala tid for barne intervju - Foreldremøte klokka 19.30 – 21.00 (Personalet deltek ikkje) - Etterarbeid 	Vurderarane
Onsdag 26.03	<ul style="list-style-type: none"> - Frammøte klokka 08.30 - Intervju/ samtaleguide, med personalet: 2 stk. assistentar og med styrar. - Intervju/samtaleguide, med barn - Observasjon fram til kl. 14.00 - Kort rapport til styrar - Etterarbeid 	Vurderarane
Torsdag 27.03	<ul style="list-style-type: none"> - Skriva rapport - Gi rapport til styrar - Gi rapport (vedleggsrapport) til personalgruppa klokka 17.00. Styrar kallar inn til møte 	Vurderarane leier møtet Barnehagestyrar: kallar inn til møte
Seinast 30. september 2008	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine.</i> - <i>Orienterer det politiske fagutvalet..</i> 	Barnehagestyrar

7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5 åringar og eventuelt 4 åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne barnehagen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sendte barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplan, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking. Målekort til Balansert Målstyring.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for bhg - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse med små endringar.

Påstandskjema

Nytta påstandskjema under vurderingsveka.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldre.

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i gruppemøte, leiarmøte, ved måltid

8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Barnehagen nyttar fast møtestruktur for alle møte i personalet.

Det vert sett av tid på møta til å ivareta idear og framlegg frå personalet.

Desse blir drøfta og planar tek form. Det verkar som om barnehagen er ei kreativ verksemd.

Møtedeltakarane er aktive og kjem med konstruktive framlegg.

Idear og planar sirkulerer ei tid i personalgruppa før dei vert teke opp på Leiarmøta og drøfta der.

Det vert skrive referat frå Personal møta. På andre møte vert tiltak og ansvarlege ført inn i veke- og månadsplanar og i gruppebøker.

Det vert gjennomført systematisk planlegging, dokumentasjon og vurdering av barnehagen sitt satsingsområde.

Barnehagen har ei stabil personalgruppe som har arbeidd i mange år. Arbeidsoppgåver og rutiner er godt innarbeidde.

Oppgåver som er planlagde vert gjennomførte ved at folk tek ansvar.

Årsplanen er vedteken å gjelda for 2 år. Det er laga omfattande Fagplanar for dei ulike gruppene i tillegg til Årsplan.

Fagplanar har omfattande grunnvigigar og er nært knytte opp mot Rammeplanen.

Personalet gir uttrykk for at dei har mange mål å forhalda seg til.

Satsingsområdet, ” Uteliv, natur og nærmiljø” er godt innarbeidd og gjeld over mange år. Det same gjeld ”Måltid”

Det vert gjort vurdering av arbeidet i dei ulike gruppene 2 gonger pr år ut frå Fagplanane.

Personalet er opptekne av borna sin trivsel. Det er faste rutiner for drøfting av borna si utvikling.

Barnehagen har gode rutiner for at born som treng ekstra oppfølging får det.

Barnehagen brukar TRAS som kartleggingsmetode.

Dersom foreldre har særlege ynskje eller behov for borna sine, prøver personalet å imøtekomma dei.

Det er rom for å diskutera barnehagen sitt læringssyn.

Barnehagen sitt læringssyn er diskutert tidlegare og er innarbeidd i personalet. Nye personale får skriftleg informasjon.

Eigen praksis vert drøfta på gruppemøter og fører til endringar av praksis.

Det er trivsel og god tone i personalgruppa, og såleis godt grunnlag for å rosa kvarandre i kvardagen.

Då er det lettare å ta opp ting som bør endrast på.

Borna får medverka i planar.

Personalet har vore gjennom diskusjonar om borns medverknad, og har funne sin ståstad som det vert uttrykt.

Hos dei yngre borna ser me det att i personalet sin vilje til å lytta, vera merksame på borna sine behov.

Hos dei eldste borna er det system for medverknad i 5 års opplegget. Dei er også med på barnesamtalar.

Det er god kommunikasjon mellom personal og foreldre/føresette.

Foreldra får lagt fram framlegg til Årsplan på foreldremøte om hausten. Det er rom for å koma med idear og endringsframlegg frå foreldra før planen er endeleg ferdig. Foreldra er nøgde med informasjon dei får elles også. Dei seier at dei ser samanheng frå det som står i planar til praksis dei opplever i kvardagen.

Foreldra opplever at deira behov vert tekne på alvor og ting vert fylgt opp.

9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Barnehagen nyttar fast møtестruktur for alle møter i personalet

Det er skjeldent saksliste til møta på dagtid, det gjer at personalet ikkje kan førebu seg på det som skal tas opp i førekant. Det førar også til at det ikkje er sikkert at viktige og relevante sakar vert diskutert eller tatt opp fordi andre tilfeldige sakar tek heile tida. Det kan vidare føre til at idear og enkelte saker får unødvendig myke av tida fordi det ikkje vert fatta vedtak gitt ansvarsfordeling og tidfesta, noko som gjer at ein i etterkant ikkje er sikker på kva som er fatta. Det kan vere lurt å skilje litt tydeleg på kva som er idémyldring og kva som er saker ein skal ta stilling til.

Møta har ein tendens til å ikkje stara og slutta til den tid dei er fastsett, dette får fyljer for dei andre møta som skal vere etterpå eller arrangement og aktivitetar.

Personalmøta har ei fastare form og har også saksliste. Dette året vert mykje av tida, anna kvart møte, nytta til diskusjonar og arbeid på gruppene. Det resulterer i at fellestid som kunne ha våre nytt til felles satsingar, tema og kompetanse med meir vert nytta internt på avdelingane.

Det førast referat frå personalmøta, men dei leverast ikkje ut til personalet. Referat skulle ha vært lagt fram så personalet kan lesa igjennom dei, og veit kor ein finn dei i ettertid. Dette er viktig for å kunne skjekke vedtak som er fatta. Det er vidare eit reiskap for styrar for å kunne kontrollere og sjå etter om mål og satsingar vert følgje opp.

Det vert gjennomført systematisk planlegging, dokumentasjon og vurdering av barnehagens satsingsområde

Personalet uttaler at barnehagen har mange mål, og at ein vil så mykje. Vidare så har det komen fram gjennom samtalar og påstandsskjema at personalet har ei brei semje om at årsplanen inneheld overkommelege mål for satsingsområde. Då vurderarane las gjennom planane for barnehagen så opplevde vi at det er veldig mange mål, som muleg er vanskelege å

kunna rekke over. Vurderarane opplever at måla ikkje kjem tydeleg fram slik at dei kan kontrollereast om dei faktisk er nådd gjennom året. Eit mål må vere så klart formulert at ein kan sei med sikkerheit at det er innfridd.

Gjennom tilbakemelding vi har mottatt og observasjonar vi har gjort under vurderingsveka så er det eit område som utmerkar seg, og som gjer oss eit klart signal på at betring vil styrka verksemda. Det er mangel på tid. Summen av timar ein råder øver kan vi ikkje gjera noko med, derfor vert det viktig å sjå grundig på kva ein fyller tida med.

Eit teikn på god praksis er at leiinga syter for at tiltak og mål vert fatta og at målsetjingane vert følgt opp. Det vert sagt at barnehagen har ei team leiing, det vil med andre ord seie tilnærma flat struktur. Det ser ut til å fungere greitt. Likevel resulterer det i at planar og saker vert bestemt på ulike stader, og vurderarane har sett eksempel på at det derfor går tid med til å gå rundt for å informere og innhente opplysningar.

Det er rom for å diskutera barnehagens læringssyn

Personalet gir uttrykk for at dei har nytta mykje tid på å diskutera rundt dette tidligare år, personalet er samansveist og har lang erfaring noko som gjer at mange ting har blitt til taus kunnskap. Gjennom samtalar i personalet får vurderarane ved mange høve høyre at dette har vi jobba mykje med før. Vi får inntrykk av at det er stor kompetanse og brei erfaring med mange gode metodar. Arbeide for å få det synleggjort på nytt.

Barna får medvirke i planer

For at barna skal få muligheit til å påverke si kvardag, så må dei forstå kva dei har muligheit til å påverke. Vurderarane får ei forståing av at dokumentasjon hovudsakelig vert tenkt i høve foreldre og personal. Vi kan ikkje sjå ei bevist holdning med tanke på å dokumentera i høve barna sjølve. Rammeplanen seier at barnehagen må ha eit system for barns medverknad

Det er god kommunikasjon mellom personal og foreldre/ føresette

Utgangspunktet her er svært godt.

På det grunnlaget ynskjer foreldra til dei yngste borna meir tilbakemelding om det som har skjedd i løpet av dagen. Dei ynskjer det gitt i munnleg form og/eller ei loggbok på avdelinga der personalet har skriva ned hendingar. Utfordringa for personalet er å få gitt informasjon vidare frå tidlegvakt til seinvakt som er der når foreldra kjem.

10 – Vidare arbeid

6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Veisane barnehage, 25.03.08 – 27.03.08

Solgunn Wiik BJORKE

Kari Aalvik